



EIDFJORD ROS 2025



«Det er sannsynleg at noko usannsynleg vil skje»

1. Setja rammer.....	2
Bakgrunn og omfang.	2
Helseberedskap.....	2
Mål og føringar	3
Samfunnsverdiar og konsekvenstypar	3
Storpolitiske tryggleiksutfordringar.	4
Prosjektgruppa	5
Plan for involvering	5
Kategorisering av sannsyn og konsekvensar	6
Vurdering av kritiske samfunnsfunksjonar og tenester.	7
Aktørar, organisering og involvering i analysearbeidet.....	7
2. Kommuneskildring.....	8
Generelt	8
Kommunal kriseleiing (KKL)	9
Helse og omsorg.	9
Oppvekst.....	9
Naturfare	10
Drikkevatn	14
Nødetatar og spesialressursar	14
Cruisetrafikk og kai-anlegg	17
Turisme	17
Kraftproduksjon og straumforsyning	18
Eigenberedskap i Eidfjord.....	18
3. Gjennomføra	19
Beskrive valde uønskte hendingar	20
Ikkje vurdere scenario	21
Analyseskjema	22
Vurdere risiko og sårbarheit for kvar hending.....	25
Normalisering	26
4. Følgja opp.....	28
Plan for oppfølging	28
Overordna ROS analyse og kopling til helseberedskapsarbeidet.....	31
Beredskapsplanlegging og overordna beredskapsplan.....	31
Samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova	32
Oppsummert.....	32
URL oversikt.....	34

Innhald

1. Setja rammer

Bakgrunn og omfang.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) anbefaler at kommunar lagar ein ny og oppdatert overordna beredskaps ROS analyse kvart 4. år.

Eidfjord ROS 2025 speglar risiko- og sårbarheits biletet i kommunen når den blir publisert. . Eventuelle endringar i faktorar som kan påverke risiko- og sårbarheits biletet i Eidfjord, skal utløyse revidering med nye vurderingar og analysar. Analysen skal være eit levande dokument og det vil vera ein lav terskel for oppdatering.

Faktorar som kan endra risiko- og sårbarheits biletet er til dømes effekten av klimaendringar, endringar i den tryggleikspolitiske situasjonen og ved etablering av nye verksemdar i kommunen.

Då førre overordna ROS analyse var meir enn 4 år gamal, vil Eidfjord ROS 2025 ikkje basera seg på tidlegare analyser. Men starte med «blanke ark».

Dei naturgjevne tilhøva har ikkje endra seg i Eidfjord, men naturbaserte hendingar har endra seg grunna endringar i klima. I tillegg har ein fått ny kunnskap innan blant anna det ustabile fjellpartiet, Tussafoten. Nye farekartleggingar er også ny kunnskap knytt til risiko og sårbarheit.

Analysen skal ha eit sterkt fokus på kommunen si evne til å oppretthalda tenester, kommunen si styringsevne og beredskapskapasitetar.

Den samla ROS analysen med unntak av dei utfylte analyseskjema, blir eit offentleg dokument. Dei utfylte analyseskjema blir unnateke offentlegheit i tråd med [Offentleglova § 24](#) (1) Grunnen til dette er at det finnes opplysningar som kan lette gjennomføringa av lovbrøt. Analyseskjema er tilgjengeleg for medlemmar i kommunal kriseleiing og dei kan nyttast i arbeidsmøte kor informasjonen i skjema er viktig for å ha tilstrekkeleg kunnskap.

Helseberedskap

Ved oppstart av arbeidet med overordna ROS analyse i Eidfjord, er det bestemt at analysen også skal omfatta og dekkja krava til ROS i samband med [Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapsloven\) - Lovdata](#) (2)

Det vil sei at ein nyttar overordna ROS som utgangspunkt for helseberedskapsplan og at ein ikkje lagar ein særskild ROS analyse for denne.

I §3 i [Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap - Lovdata](#) (3) kjem det fram ROS i samband med helseberedskap skal omfatte sjølve verksemda, verksemda sitt ansvarsområde og lokale forhold som innverkar på verksemda si sårbarheit. Overordna ROS er derfor tilpassa slik at risikofaktorar og sårbarheiter knytt til Eidfjord kommune si evne til å yte helsetenester blir belyst.

Det er derfor gått ein ekstra runde for å sikra gode nok helse-scenarior i ROS analysen.

Denne løysinga er godkjend av rådmann, kommunalt beredskapsråd, kommuneoverlege og kommunalsjef for helse og omsorg.

Me ser på beredskapsplanverk i 3 nivå:

- Nivå 1: Overordna planverk på KKL-nivå (KKL=Kommunal Kriseleiing)
- Nivå 2: Mellomnivå som gjeld større einingar og tenestetypar, som til dømes helseberedskapsplanar.
- Nivå 3: Avdelingsspesifikke planar som gjeld enkeltavdeling i ei stabs- eller kommunalavdeling.

Alle nivå inneheld ROS analyser, beredskapsplanar med varslingsplanar, ressursoversikt og tiltakskort. For helseberedskapsarbeidet, byggjer dette på ROS analyse frå nivå 1.

Mål og føringar

Målet med overordna risiko- og sårbarheits analyse er å skape medvit rundt samfunnsverdiane som Eidfjord kommune skal verne om. ROS analysen skal gje kunnskap om kva som kan true og påverke verdiane, og vise kva som må til for å ta vare på dei.

Det er eit mål at Eidfjord ROS 2025 skal tilfredsstilla krav i lover og forskrifter og analysen skal være eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Arbeidet med analysen har lagt vekt på god medverknad frå etatar som har interesser i det kommunale beredskapsarbeid, noko som kan verka samlande for beredskapsressursar i og utanfor kommune. Kommunen har eit ansvar for denne samlande effekten.

Samstundes med oppstart av ROS analysen, vart det også etablert eit kommunalt beredskapsråd som forsterkar den samlande effekten og syter for at aktørar kjenner kvarandre sine planar og ressursar.

Mandat: Prosjektgruppa skal styra prosessen slik at ROS analysen blir eit godt verktøy for vidare arbeid med beredskap i Eidfjord. Arbeidet skal utførast i tråd med DSB sin rettleiar og i samsvar med råd frå fylkesberedskapssjef.

Prosjektgruppa har rapportert undervegs til rådmann. Her har ein fått naudsynte avklaringar og oppdateringar undervegs.

Det har blitt lagt vekt på god involvering frå aktuelle rollar og organisasjonar i arbeidet.

Det har blitt jobba etter ein tidsplan kor ferdig analyse blir presenterast som vedtakssak i kommunestyret desember 2025.

Kostnader til ROS-arbeidet er hovudsakleg knytt til innleige av beredskapsrådgjevar frå Voss herad. Elles mindre kostnader til møter.

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar

Kva legg me i ordet samfunnsverdiar? Dei overordna verdiane er at Eidfjord skal være robust og førebudd på ulike påverknader som kan være ein trussel for kritiske samfunnsfunksjonar og tenester. Ein viktig verdi er å skapa stabilitet og tryggleik, også i krisesituasjonar. Meir om prioriterte kritiske kommunale tenester i kapittelet «Vurderinga av kritiske samfunnsfunksjonar og tenester.»

I skjema som blir nytta til analyse av dei ulike scenarioa, har Eidfjord kommune vald å nytta samfunnsverdiar og konsekvenstypar som er skildra i DSB sin rettleiar til heilskapleg risiko og sårbarheits analyse .

Lokalt dekker desse godt og prosjektgruppa ser ikkje behov for å nytta anna oppsett enn dette:

Samfunnsverdiar	Konsekvenstypar
Liv og helse	Tal på døde
	Tal på alvorleg skadde og døde
Samfunnsstabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov
	Forstyrringar i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø
	Langtidsskadar på kulturmiljø/kulturminne
Materielle verdiar	Direkte økonomiske tap
	Indirekte økonomiske tap

Storpolitiske tryggleiksutfordringar.

Med den storpolitiske situasjonen med stormaktsrivalisering og svekka alliansar, må me tørre å ta i bruk ordet; krig. Prosjektgruppa er ikkje spesielt bekymra for at det skal oppstå direkte krigshandlingar i Eidfjord. Det blir vurdert som mykje meir sannsynleg at framande makter set i verk forskjellige aksjonar eller sabotasje for å sette oss i ubalanse, for å skape frykt eller rett og slett for å vise «at me kan». Effektane av desse kan gje ulike utfordringar.

Overordna ROS analyse i Eidfjord kommune fokuserer primært på lokale faktorar i, og rundt, Eidfjord. Dette er faktorar som vil utfordra kommunen si evne til å yta tenester og kommunale plikter knytt til krisehandtering.

Storpolitiske tryggleiksutfordringar som krigshandlingar og sabotasje vil også potensielt utfordra Eidfjord kommune, men desse er ikkje tatt med i ROS analysen direkte. Dei er indirekte tatt med gjennom hendingar som til dømes straumsvikt, mangel på elektronisk kommunikasjon, isolasjon, brotne forsyningslinjer, masseskade*, evakuering med meir. Uavhengig av om hendingar oppstår grunna krig, sabotasje, vær, naturfare, ulykke eller anna, er det resultatet som vil utfordra kommunen og lokalsamfunnet.

*Masseskade er belyst med ein overføringsverdi i hendingane:

- 10 Kontinuitetsutfordringar pga at tilsette ikkje kjem seg på jobb
- 11 Brann på cruisebåt
- 13 Ulykke kor fleire lokale personar er involvert.

Fellesnemnaren for desse er at hjelpebehovet er større enn kapasiteten til kommunen. Tiltaka er knytt til forsterkingsressursar og alternative løysingar for å auke kapasitet.

Konsekvens, ikkje årsak

Det er eit bevisst val å fokusera mest på konsekvensane og mindre på årsak. Døme på dette er scenarioet med at straumen er vekke over fleire dagar i Eidfjord. Om årsaka er naturfare, ekstremvær, teknisk svikt eller krigshandlingar er sekundært. Det primære er å kartlegga sårbarheiter og risiko knytt til straumsvikt og kva konsekvensar dette får for Eidfjordsamfunnet og kommunen.

Uansett hending er målet at det meste skal fungera som ved ein normalsituasjon. Det er teiknet på eit robust lokalsamfunn.

Prosjektgruppa

Åshild Djønne Eriksen er prosjektleiar for ROS analysen. Ho er til dagleg tilsett i Eidfjord kommune som konsulent Drift & Forvaltning/beredskapskoordinator. I tillegg er Rune Granli Slettemark innleigd frå Voss herad for blant anna å hjelpe til med ROS arbeidet. Desse to utgjer prosjektgruppa.

Plan for involvering

Det er viktig med ein brei og involverande prosess for gjennomføring av overordna ROS. Fordelane med dette er at ein får med seg meir kunnskap i analysen, ein skapar eigarskap kjensle til beredskapsarbeidet og ROS analysen, og kommunen får nytta arbeidet med ROS analysen til å utøva den samlande krafta innan fagfeltet i lokalsamfunnet.

Rådmann er ansvarleg for beredskapen i kommunen og er den som har gitt oppdraget til prosjektgruppa. Prosjektgruppa har hatt fleire statusmøter med rådmann i løpet av prosjektet. I tillegg er rådmann med i beredskapsrådet, kor ROS analysen har vore tema på to møter.

Beredskapsrådet. I samband med oppstart av ROS analysen, etablerte Eidfjord kommune eit kommunalt beredskapsråd. Dette er i tråd med råd i Totalforsvarsmeldinga [Meld. St. 9 \(2024–2025\)](#) (4) og [retteleiar til heilskapeleg risiko og sårbarheitsanalyse i kommunen.pdf](#) (5) frå DSB.

Det er laga eit mandat for rådet som viser kva roller som er medlem og som skisserer typiske oppgåver. Ei naturleg oppgåve er å være referansegruppe i arbeidet med overordna ROS analyse.

Arbeidet med ROS analyse, starta opp tidleg i mars 2025. I løpet av denne tida har analysen vore tema på to møter i beredskapsrådet. På det fyrste møtet vart det avgjort kva scenario analysen skal innehalda og formuleringa av desse. Før analysen vart slutført og politisk handsama, har beredskapsrådet vurdert delar av analysen og kome med innspel til justering.

Til slutt i ROS analysen, er det ein plan for oppfylging. På mange måtar kan ein sei at det er når analysen er ferdig, at arbeidet byrjar. ROS analysen skal nyttast i det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på overordna nivå, på mellom nivå og på einingsnivå. Her er det anbefalingar som gjev ein retning og ein strategi for det vidare arbeidet. Kunnskapsgrunnlaget som ein finn i analysen vil være nyttig for alle som jobbar med samfunnstryggleik og beredskap på ulike nivå og i ulike fagområde.

Kategorisering av sannsyn og konsekvensar

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB) sin

[rettleiad til heilskapeleg risiko og sarbarheitsanalyse i kommunen.pdf](#) (6) ligg til grunn for vurderinga av sannsyn og konsekvensar. Vedlegg 3 i denne rettleiaren skildrar både kategoriar og framgangsmåte.

For at ein skal kunne oppsummera og samanlikna ulike hendingar oppimot kvarandre, er det viktig at kategoriane er brukt mest mogeleg konsekvent. Dette blir sikra gjennom at prosjektgruppa styrer og rettleiad alle analysesemøter. På denne måten kan ein sjå scenario frå ulike analysesemøter oppimot kvarandre og gje velbalanserte score.

Sannsyn:

Ved å nytta tabellen nedanfor i lag med spørsmålet: «*Kor stor sjanse er det for at det skildra scenarioet vil skje i løpet av ein 100 års periode?*»

SANNSYN FOR AT HENDINGA SKAL SKJE I LØPET AV HUNDRE ÅR	
> 90%	Særs høg
70–90 %	Høg
40–69 %	Middels
10–39 %	Låg
< 10 %	Særs låg

Her kan det fort bli gode diskusjonar, og det er viktig at ein endar på ei sannsyn vurdering som er tett kopla til skildringa av scenario.

Konsekvens:

Den generelle måten å vurdere konsekvens på finn ein i denne tabellen:

KONSEKVENSKATEGORI	KONSEKVENSNEMNING
5	Særs store
4	Store
3	Middels
2	Små
1	Særs små
0	Ingen/ikkje relevant

Det er eit mål at konsekvensar skal være einskapleg vurdert uavhengig av konsekvenstype.

I overordna ROS vurderer ein totalt 8 konsekvenstypar. Desse er vidare fordelt på 4 samfunnsverdiar:

TRYGGLEIK FOR FOLKESETNADEN	
SAMFUNNSVERDIAR	KONSEKVENSTYPAR
Liv og helse	Dødsfall
	Alvorleg skadde og sjuke
Samfunnsstabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov
	Forstyrringar i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø
	Langtidsskadar på kulturmiljø/-minne
Materielle verdiar	Direkte økonomiske tap
	Indirekte økonomiske tap

Vidare er det 8 ulike tabellar som er til hjelp for å treffa best mogeleg i konsekvensvurderingane og at det blir mest mogeleg lik vurdering på tvers av konsekvenstypar.

Ved vurdering av samfunnsverdiane liv og hels og materielle verdier er kategoriane justert etter antall innbyggjarar. Det vil sei at 5 sjuke/skadde i Eidfjord med ca 1000 innbyggjarar gjev konsekvenskategori 4 medan ein kommune med 100.000 innbyggjarar hamnar på kategori 1 ved 5 sjuke/skadde.

Ved vurdering av samfunnsstabilitet, blir kategorien sett utifrå kor mange prosent av innbyggjarane som opplever manglande dekning av grunnleggjande behov eller forstyrringar i dagleglivet.

Når det gjeld natur og miljø er kategoriane kopla til storleiken på naturskaden og vernestatus/grad av øydelegging på kulturmiljø.

Vurdering av kritiske samfunnsfunksjonar og tenester.

Rådmannen si leiargruppe er blitt utfordra på å velje ut og prioritera dei mest kritiske tenestene som kommunen har ansvar for. Dette vart gjennomført på leiarmøte 16.oktober 2025. Og oppsummeringane er nytta når ein ser på dei ulike analyserte scenario oppimot kvarandre.

Ein ser også at det er ei betydeleg avhengigheit mellom fleire av tenestene og funksjonane.

Prioriterte, direkte kritiske tenester:

1. Drikkevatn og avlaup
2. Helsetenester(legevakt/akutthjelp) og omsorg(ta vare på dei mest sårbare)
3. Kommunens si styringsevne og evna til å leia og handtera ein krisesituasjon saman med samvirkepartar.
4. Brannvern
5. Kunne kommunisera med innbyggjarar. Skapa tryggleiks-kjensle og formidla viktige råd som er avgjerande for liv og helse.

Indirekte kritiske tenester/funksjonar for å kunne oppretthalda dei 5 fyrste:

1. Bemanning – med tanke på auka belastning, stengde vegar og tilsette som kan bli beordra til dømes til HV, sivilforsvaret, brannvern og anna.
2. Open barnehage, småskule og SFO. For å sikra bemanning til viktige funksjonar.
3. Forsyningstryggleik – medisinar og mat.

Aktørar, organisering og involvering i analysearbeidet

Prosjektgruppa har vore avhengig av omfattande involvering i analysearbeidet. Både som ei kvalitetssikring, for å oppdaga fleire risikoar og for å skape kjennskap og eigar kjensle til arbeidet med overordna risiko og sårbarheits analyse.

Det er utført 17 analysemøter frå 14.mai til 21.aug. Ein har i snitt arbeidd med 2,5 scenario pr. analysemøte. Totalt har 32 ulike personar deltatt på møta. Det er mest tilsette i nøkkelroller i Eidfjord kommune som har deltatt, men også ein del eksterne.

Dei eksterne har vore mest deltakande i scenario som forsyningstryggleik(bondelag, daglegvare, drivstoffleverandør), straumbortfall (Statkraft og indre Hardanger kraftlag),

isolerte deler av kommunen (Vegvesen) og cruisehending (Hamn og Visit Eidfjord KF). I nokre vurderingar har ein også stilt spørsmål til eksterne utanom analysemøta for å kvalitetssikre innhaldet.


Ei veke før kvart analysemøte har prosjektgruppa sendt ut informasjon og forslag til utfyllt analyseskjema til deltakarane. I møta har engasjementet vore godt og det har resultert i gode diskusjonar, kunnskapsdeling og fleire nye tiltak. I etterkant av møta har det ferdige analyseskjema blitt sendt for gjennomlesing og kvalitetssikring før ein definerer det som ferdig.

Medlemmer i rådmannen si leiargruppe er involvert, anten direkte gjennom analyse-møter, eller når leiargruppa er orientert og utfordra under veks i prosjektet.

2. Kommuneskilring

Generelt

Eidfjord ligg inst i Hardangerfjorden, i Vestland. Eidfjord kommune har pr 2 kvartal 2025 970 innbyggjarar. Av Vestland fylke sine 43 kommunar, er det 3 kommunar som har færre innbyggjarar; Modalen, Fedje og Solund. Men det er berre 4 kommunar som er større i areal enn Eidfjord med sine 1492 km² landareal. Dette er Ullensvang, Voss, Sunnfjord og Luster.



Folketalet har ei auke dei siste ti-åra. Dette skuldast ein kombinasjon av fødsjar, endra kommunegrense, innflytting og innvandring. Prognosar syner ei auke fram mot år 2050.

Kommunen sitt administrasjonssenter er ved fjorden i Eidfjord. Her finn ein også dei fleste innbyggjarane. I tillegg er det fastbuande i Simadal, på Bu, i Øvre Eidfjord og i Sysendalen.

Kommunen strekker seg frå fjorden i grensa mot Ullensvang og Ulvik, opp på Hardangervidda til grensa mot Buskerud og Telemark. 90 % av kommunen sitt areal ligg over 900 meter over havet. Det meste av dette er på Hardangervidda. Det høgaste punktet er på Hardangerjøkulen, på grensa til Ulvik på 1863 moh.

Det meste av aktivt landbruk finn ein i Øvre Eidfjord.

Det meste av fritidsbustader er på fjellet; i Sysendalen. Eksisterande hytter er 1190 og regulerte tomter pr. skrivande stund er 1630.

Bilveggar i kommunen:

- Riksveg 7 strekker seg frå kommunegrensa vest for Bu til Halne, cirka 65 km og ein times køyring. På riksvegen ligger Måbødalen og fjellovergangen Hardangervidda, med høgste punkt på rv7 som er 1250 moh.
- Kommunen har ein fylkesveg, FV5096 mellom kommunesenteret og Simadal som er ca 9 km.
- Det er ca. 58 kilometer med kommunal veg. Desse er hovudsakleg vegar i og rundt byggefelt.
- Det er også ein del private vegar, primært knytt til hyttefelt.

- Stenging av Lærdalstunellen i samband ved vedlikehald vil medføre auka trafikk gjennom Eidfjord. Arbeidet vil vare i fire til fem år, og har forventet oppstart september 2026.

Fleire nøkkeltal om Eidfjord i Statistisk sentralbyrå sin kommunefakta: [Kommunefakta – SSB](#) (7)

Kommunal kriseleing (KKL)

KKL blir etablert i krisesituasjonar. Nokon kallar dette for å setja krisestab. KKL er samansett av ordførar, rådmann, kommunalsjefar, kommuneoverlege og beredskapsrådgjevar.

Medlemmane har ulike roller og den samla innsatsen skal styra kommunen trygt gjennom situasjonar som krev meir enn den daglege styringa i kommunen. Sjå meir om kommunal kriseleing i overordna beredskapsplan.

Helse og omsorg.

Bygdaheimen ligg fint til rett over Eidfjord sentrum. Bygget er bygd i to trinn, fyrste trinn som er sjølv sjukeheimen stod ferdig i 2018, medan trinn 2 med omsorgsbustadar og vaskeri stod ferdig i 2019. Bygdaheimen tilbyr 14 plassar på somatisk avdeling og 6 plassar på dementavdeling, samt Sansehage. Heimetenestene har også base her. Totalt er det cirka 35 tilsette som har sin base her. Blant anna 12 sjukepleiarar og 14 helsefagarbeidarar.

Bygget har naudstrømsaggregat og eige kjøken som også kan nyttast til foredling. Det er 10 omsorgsbustader direkte kobla til bygdaheimen mot Lægreidsvegen. I tillegg til 8 omsorgsbustader i tett nærleik til bygget.

Helseavdelinga i Eidfjord ligg i kommunehuset, lokalisert midt i Eidfjord sentrum. Legekontoret har opningstid kl 8:00 – 15:00, legevakt kl 8:00 – 16:00 på kvardagar. Eidfjord kommune er tilknytt Voss Interkommunale legevakt på kveld/helg. Totalt er det tilsett 1 kommuneoverlege, 1 kommunelege, LIS1 lege (turnuslege), 3 sjukepleiarar, Helsesjukepleiar, psykiatrisk sjukepleiar, rådgjevar helse og omsorg, flyktningekoordinator, barnekoordinator, 2 fysioterapeutar, diabetesjukepleiar og interkommunalt samarbeid kommunepsykolog og jordmor.

Fysioterapiavdelinga ligg i underetasjen på kommunehuset, og har eige terapibasseng.

Kommuneoverlege: Alle kommunar har ei plikt til å ha kommuneoverlege. Anten eigen, eller delt med andre kommunar. Kommuneoverlegen har hastekompetanse på kommunen sine vegne i saker innan miljøretta helsevern, smittevern og helsemessig beredskap.

Den medisinfaglege rådgjevar rolla er relevant både i planlegging og i handtering av hendingar. Kommuneoverlegen vil og kunne bidra i samhandlinga med spesialisthelsetenesta/AMK.

Oppvekst


Eidfjord kommune har ein barnehage og ein skule plassert i Eidfjord.

Modnen Barnehage er ein 4 avdelings barnehage, lokalisert på Lægreid tett tilknytt samfunnshuset, idrettshall og skulen. Barnehagen er pussa opp, og var ferdig i 2017 og har leikeareal ute tett tilknytt skogsområde.

Læg Reid skulen er 1-10 klasse grunnskule. Skulefritidsordninga (SFO) er tilknytt same areal som skulen. Skulen ligg og lokalisert på Læg Reid tett tilknytt idrettshall, idrettsplass, leikeareal, samfunnshus, basseng og barnehage.

Naturfare

Ein ser allereie no endringar i klima og eit «hissigare» ekstremvær. Me blir stadig kjend med nye vær fenomen som atmosfærisk elv og bombesyklon. Mykje av dette blir gjort litt meir tabloid enn det kanskje er, men noverande og forventa trend er at me vil sjå endringar i klima



som aukar utfordringar for innbyggjarar, kommune, næringsliv, naudetatar og andre som jobbar med samfunnstryggleik og beredskap.

Det som er verd å merka seg er at ekstremværet (toppane) aukar meir enn middelveiane på nedbør, vind, temperatur og andre vær fenomen. Dette gir oss ei utfordring framover.

<https://klimaservicesenter.no/kss/rapporter/klima-i-norge-2025> (8)

Skred

Eidfjord har historikk med både snøskred, lausmasseskred og steinsprang. Det er mange teikn til skredaktivitet i fjellsidene i Eidfjord. Blant anna ser ein tydelege spor oppom RV7 frå Eidfjord sentrum og utover mot Bu.

Det er gjort kartleggingar som gjer at kommunen har data om faresoner og kart med aktsemd områder. Vanlegvis går skreda utover vegane og ein kan vente stengde vegar og isolerte delar av kommunen. Statens vegvesen har gjennomført fleire tiltak for å auke tryggleiken på RV7.

Eit anna fenomen knytt til skred er naturfaren; skredvind. Brannstasjonen som er bygd i skredvindsone er konstruert for å tole skredvind.

Bygget stod ferdig i september 2021.




Foto: Eidfjord kommune

Flaum

NVE kjem med ein ny flaumsonkartlegging hausten 2025. Denne tar utgangspunkt i 200års flaum nivå inklusiv klimapåslag. Kartlegginga gjeld Eio, Veig og Bjoreio.

Karakteristikken til desse elvene er at Eio, mellom Eidfjordvatnet og fjorden, renn rolegare og er mindre «hissig». Bjoreio og Veig er brattare og har høg energi til tross for mindre vassføring enn Eio. Bjoreio er eit regulert vassdrag som gjev mogelegheit for ein viss menneskeleg kontroll på vassføring. Regulering kan også medføre plutsleg stor vassføring ved ispropp/isgang i inntaket. Noko som kan føra til farlege situasjonar i og langs elva med brå stigande vassføring. *Kjelde: Statkraft.*



Utklipp av Eidfjordvassdraga. Kjelde: Eidfjord kommune

Det er fleire bruer som kan være utsett ved ein stor-flaum. Dette er utifrå innkomne forslag i tidleg fase i arbeidet med ROS analysen. Det er nevnt brua over Bjoreio til Lund. Denne har vore i grenseland under uværet «Jakob». Det same med brua over Veig til Tveit.

Elles er det stilt spørsmål til kapasiteten til brua over Bjoreio vest for Kvernhusaugtunellen, her er det i tillegg ein grov steinur oppstraums. Det er også stilt spørsmål om kapasiteten under steinkvelvsbru nedom RV7 bru på Leiro vil kunne riva med seg delar av RV7 om denne skulle ryka i ein flaum. Begge desse spørsmåla er formidla vidare til Statens vegvesen.

Stormflo og havnivå

Desse to faktorane heng tett i hop. Havnivået stig gradvis grunna klimaendringar og smeltande isbrear. Havnivået kan stiga 50-90cm framover mot år 2100. Det er i utgangspunktet ikkje dramatisk for Eidfjord, men i lag med stormflo kan det forårsaka farlege situasjonar og materielle skadar.

Stormflo er eit ekstra høgt tidevatn på grunn av kraftig lågtrykk kombinert med pålandsvind som pressar hav-vatn mot kysten. Eit slikt vær system kan typisk være ein tropisk syklon. Det treng ikkje være vind i storm styrke i Eidfjord under ei stormflo. Bølger kjem i tillegg til antatt nivå på stormfloa og vil kunne auka skadeomfanget.

I 2024 kom det ein ny rettleiar frå DSB:

[P2403744 havnivåveileder.indd](#) (9)

Denne er basert på ny kunnskap frå rapporten:

[Sea-Level Rise and Extremes in Norway - miljodirektoratet.no](#) (10)

Kartverket har kome med nye kartlag som syner potensielt nivå på ei 1000års stormflo i år 2100. [Se havnivå i kart | Kartverket.no](#) (11)

Det er kome nye råd til kommunane kor ein nyttar føre-var-grunnlag. Hovud anbefalinga er å bruka havnivåstigingstal for år 2100 i planlegging. Unnataket er bygg med tryggleiksklasse F1, som vil sei naust, garasjar, uthus og andre bygg med lite personopphald.



Desse råda, karta og anbefalingane gjer det lettare for kommunar å navigera i desse tverrfaglege utfordringane.

For Eidfjord sin del, vil dette bety at ein kan forventa stormflo som er 220cm over normalt null-nivå (NN2000).

Jøkullaup

Jøkullaup er ein plutselig flaum frå ein brede innsjø.

Les meir på: [Jøkullaup \(GLOF\) - NVE](#) (12)

Dette fenomenet er i Eidfjord. Dette skjer når Nedre Demmevatnet blir demt opp av brearmen Rembesdalskåka. I løpet av nokre timar kan vatnet fløyme under eller igjennom brearmen og ned i Rembesdalsvatnet. Frå gammalt av har dette medført store skadar nedover i Simadal. Etter at Rembesdalsvatnet vart regulert og oppdemt, har desse jøkullaupa blitt dempa i vatnet og ikkje hatt vesentlege konsekvensar i Simadal.

Jøkullaup har skjedd årleg sidan 2014.

Kvikkleire og kvikkleireskred

Under marin grense kan det finnast leire. I Eidfjord er marin grense er på ca. 100 meter over havet og alt areal under denne kvota er i utgangspunktet aktsemdområde for kvikkleire. Unnataket er reint berg.

I kartleggingar i samband med ulike prosjekt er det gjort undersøkingar i grunnen. Desse finn ein her: [Kvikkleirerapporter for Eidfjord kommune - NVE](#) (13)

Det er pr. no ikkje påvist leire i desse kartleggingane. Desse er heller ikkje utført heilt ned på fast fjell, så noko uvisse er det. Ein kjenner dermed ikkje til spesielle stader kor leire er oppdaga i kommunen. Fleire stader er det svært langt ned til fjell og det hadde vore behov for kartleggingar som går djupt nok til å bekrefte eller avkrefte leire.

Langs Simadalsvegen er det ein stad som heiter Leirvikane. Heller ikkje her er det kjennskap til observasjonar av leire. Ved tidlegare reguleringar av bustadfelt har det ikkje vore same krav til kartlegging av naturfare. Ved bygging på eldre tomter i dag, kjem krava om grundigare grunnundersøkingar. Dette er aktuelt i Eidfjord i dag.

Meir informasjon om denne naturfaren finn ein i rettleiaren: [Kva er kvikkleire og kvikkleireskred? - NVE](#) (14)

Fjellskred

Fjellpartiet, Tussafoten, er eit ustabil fjellparti som ligg i nord-aust for Øvre Eidfjord på ca. 1000 meter over havet. Eit skred vil råka store deler av Øvre Eidfjord og fjellpartiet er derfor kategorisert som eit høgrisiko-objekt. Fjellpartiet bevege seg opp mot 8 cm per år og har eit volum på opptil 13 millionar kubikkmeter. Dette gjer at Tussafoten er døgntkontinuerleg overvaka av NVE. Noko av skredmassane kan også nå Eidfjordvatnet og laga ei mindre flodbølge.

Det er kartlagt to scenario for Tussafoten. Scenario A omfatte heile det ustabile fjellpartiet (ca. 13 millionar m³), mens scenario B omfatte ein mindre austleg del av partiet på ca. 6 millionar m³. Årleg sannsynlegheit for scenario A er vurdert til 1/500, mens årleg sannsynlegheit for scenario B er berekna til ca. 1/200



Foto: Tussafoten - Bjørne Møen

Tussafoten er godt kartlagt, dokumentert og overvaka.

Eit eventuelt skred vil bli varsla i god tid. Meir

informasjon finn ein i rapporten: [Tussafoten \(ustabil fjellparti\)](#) (15)

I Sørfjorden, i nabokommunen Ullensvang, er det også nokre ustabile fjellparti. Som ein sekundær-effekt, vil desse laga større flodbølger i fjorden som også vil råka nabokommunar. Her blir det gjort eit arbeid som er koordinert av Statsforvaltar som handlar om felles planar og handtering av desse. Flodbølgescenario er ikkje tatt med i Eidfjord ROS 2025 i versjon 1. Men når kommunen har meir informasjon kring dette, er det aktuelt å ta dette med i ein revidert versjon av ROS analysen.

Radon

Radon er eit radioaktivt stoff som finnst i varierende mengder i berggrunn og jordsmonn. Langvarig eksponering kan gje auka risiko for å utvikla lungekreft.

I følgje temakarta til NGU – Norges Geologiske Undersøkelse, er ein betydeleg del av bustader i Eidfjord i områder som er merka med høg aksemdgrad når det gjeld radon.

[Radon aktsomhet](#) (16)

I 2003 utførte Statens strålevern eit RaMAP-prosjekt. Dette er kartlegging av radon i inneluft i bygg i mange kommunar. I Eidfjord deltok 23% av husstander i kartlegginga. 2 av 3 av dei undersøkte husa syner ein radonkonsentrasjon som var høgare enn anbefala tiltaksnivå på 200 becquerel pr kubikkmeter med luft.

Nyare forskrifter sikrar at nye bygg blir oppført med tiltak som senker radonverdiar i nybygg. Det er fleire tiltak som utførast i eksisterande bygg for å senke verdiane.

Drikkevatt

Eidfjord kommune har 6 vasskjelder. Desse forsyner mellom 5 og 1200 abonnentar. Nokre av vasskjeldene er grunnvasskjelder med borehol, nokre er borehol i fjell og ein har også ei vasskjelde som er eit ope vatn. Dei fleste kjeldene er også knytt til eit høgdebasseng. Desse høgdebassenga har kapasitetar mellom 120 og 770 m³.

Det er ulike type filtrering og reinsing utifrå kva kjelde dei ulike vassverka har. Grunnvasskjelder i lausmassar har god filtrering i seg sjølv. Leiro har eit høgare krav til filtrering og reinsing, då kjelda er eit ope vatn. Det er fri ferdsel rundt vatnet.

Ulike filtreringar som blir nytta er; Marmorfilter for å justere pH, UV-filter, sandfilter, ozonreinsing og overtrykksbrunnar.

Dei fleste kjeldene treng straum for å kunne pumpe og levera vatn, men høgdebasseng er ein god måte å sikre at abonnentane frå vatn til bassenget er tomt. Leiro VV har fall frå vatnet og ned til vassbehandlinga og treng ikkje straum til denne delen.



Foto: Høgdebasseng Øvre Eidfjord/Eidfjord kommune

Nødetatar og spesialressursar

Legevakt

I Eidfjord er det operativ legevakt på legekontoret i kommunehuset måndag til fredag kl. 08.00 til 16.00. Det er knytt legebil til legekontoret i Eidfjord.

Utanom denne tida er det Voss og omegn interkommunale legevakt som svarar. Denne er plassert på Voss sjukehus. Dette er eit samarbeid mellom Eidfjord, Ulvik, Vaksdal og Voss. Her er to legar på vakt kveld/helg og ein lege om natta.

Innbyggjarar i kommunen skal på dagtid man-fredag ta kontakt med sin fastlege ved akuttmedisinske spørsmål. Når det er akutt og står om liv skal ein ringa 113.

Psykososialt kriseteam

Kommunane har ansvar for å ta vare på dei som oppheld seg i kommunen til ei kvar tid. Ein viktig ressurs i denne samanheng er psykososialt kriseteam. Eidfjord sitt team består av 14 medlemmer. Kommuneoverlege er leiar for teamet.

Teamet yter hjelp til personar med akutte behov etter kriser, ulykker eller katastrofer. Det blir gitt tilbud til familie, vener, barnehage, skule, arbeidsplassar og nærmiljø.

Dersom det er behov for oppfølging av dei kriseramma etter akutt fasen, vert dei kriseramma overført til det ordinære hjelpeinstansane i kommunen, eventuelt tilvist til spesialisthelsetenesta.

Det er legevakt eller andre offentlege instansar som kontaktar psykososialt kriseteam. Aktivisering av kriseteamet skjer i samarbeid mellom iverksettende myndigheit, herunder KKL, legevakt, AMK og politi, og leder i teamet.

Ambulanse

Helse Bergen har ambulansestasjon plassert i kort nærleik til Eidfjord bygdeheim rett oppom sentrum. Denne er bemanna 24/7.

Det har vore diskutert andre plasseringar av denne. Eidfjord kommune støttar dagens plassering. Ved skred og andre hendingar er det viktig med ambulanseressurs på «rett side» av raset. Når ambulansen er på oppdrag, er den ofte ute av kommunen ei stund.

Prehospital plan for perioden 2026-2036 er støtta av utviklingsplan. Planen føreslår å oppretthalda døgnbemanna ambulansestasjon i Eidfjord på sin noverande, sentrale plassering. Dette er basert på oppdragsprofil til stasjonen.

Kjelde: Tommy Nybakk, avdelingssjef, akuttmedisinsk avdeling, Helse Bergen.

Brannvern

Eidfjord brannvern har ny brannstasjon på Lægreid. Denne vart tatt i bruk hausten 2021. Brannverket består av totalt 17 deltidspersonell, 12 konstablar og 5 befal. 8 stk er godkjente røykdykkarar. Alle desse er tilsett i 2 % stilling. I tillegg er lokal brannvernkoordinator tilsett i 23 % stilling.

Brannsjefstillinga er eit interkommunalt samarbeid og er eit samarbeid med Voss Brannvern.

Dei siste åra har Eidfjord brannvern hatt:

2023 – 34 oppdrag.

2024 – 31 oppdrag.

2025 – 23 oppdrag pr 1.november.

Trafikkulykker og ABA (automatisk brann alarm) er det flest av

Politi

Eidfjord er ein del av Voss politistasjonsdistrikt. Politistasjonen er plassert i Brynali på Palmafossen. Normal køyretid til Eidfjord sentrum er 45 minutt. Det er ingen politipatruljer som er fast plassert i Eidfjord.

Rundt kommunen er det også politistasjoner i Odda, Norheimsund og Geilo.

Eidfjord kommune har fast kontaktperson i politiet som kan kontaktes ved beredskapsmessige spørsmål i fredstid. Representant frå politiet er også med i det kommunale beredskapsrådet i Eidfjord. Dette for å sikra tett kontakt.

Til orientering har brannvern har fullmakt til skadestads leing og ordensmynde fram til politiet er på staden. [Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver \(brann- og eksplosjonsvernloven\) - Kapittel 3. Kommuners plikter og fullmakter - Lovdata](#) (17)

Sivilforsvaret

Totalt har Sivilforsvaret 8000 tenestepliktige i landet, fordelt på 20 distrikt. I Hordaland har ein 630 mannskap. Det er ikkje ei eigen avdeling eller depot i Eidfjord, men Sivilforsvaret har framleis ansvar for å yta hjelp i heile distriktet.

Nærast avdelingar er Odda, Voss og Kvam.

Det er plassert ein GeigerBoks for måling av radioaktivitet på brannstasjonen på Lofthus

Sivilforsvaret er til for å beskytta sivilbefolkninga. I fredstid bidreg dei med ekstra mannskap og utstyr når nød- og beredskapsetatar treng støtte ved ulykker og naturkatastrofar [bruk av tjenestepliktige i sivilforsvaret i fredstid.pdf](#) (18)

I krig skal dei beskytta sivilbefolkninga ved krigshandlingar og store hendingar. Dette kan være oppgåver som evakuering, bidrag til medisinsk hjelp eller støtte ved radioaktiv eller kjemisk forureining.

Sivilforsvaret er underlagt Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB)

Heimevernet – HV

Forsvaret har ingen kjende installasjonar eller avdelingar i Eidfjord. Men har likevel eit ansvar for heile landet. I Eidfjord er det særskilde objekt som kan være aktuelt å forsvare, som til dømes veg, hamn og kraftproduksjon og - distribusjonsnett.

Røde kors

Lokalforeining med 2 underavdelingar – Hjelpekorps og omsorgsavdeling. Omsorg har eit lokale i sentrum og hjelpekorpsset har depot i lag med omsorg, samt større depot/garasje i røde kors hytta på Maurset. Hjelpekorpsset har ca 15 aktive medlemmar på alarmplanen.

Oversikt droner/pilotar

Det er 2 tilsette i kommunen med avgrensa dronesertifikat. Statens vegvesen har lokal tilsett med drone sertifikat og drone i bilen.

Tilfluktsrom

Definisjonen på eit tilfluktsrom er at det er ein permanent tilrettelagd beskyttelse stad. Desse kan brukast til andre føremål i fredstid men skal kunne gjerast klare innan 72 timar ved behov.

Offentlege tilfluktsrom er meint for personar som oppheld seg i nærleiken av rommet. Desse er merka utanfor bygget.


Private tilfluktsrom er tiltenkt dei som vanlegvis oppheld seg i det aktuelle bygget. Desse er skilta inne i bygget.

I Eidfjord er det ingen offentlege tilfluktsrom.

I Eidfjord har det vore nokre tilfluktsrom, men grunna endra bruk av bygg er ikkje desse lengre operative. Dersom det skulle bli behov, vil innbyggjarar få gode råd om kva som gje tilstrekkeleg beskyttelse. Mange stader og bygg vil gje beskyttelse utan at det er definert som eit tilfluktsrom.

Cruisetrafikk og kai-anlegg

Eidfjord er eit populært mål for cruiseturisme med sine cirka 90 anløp i 2025. Det er venta det same antall i 2026. Mange av passasjerane blir køyrd ut til sjåverdigheter med buss. Eit populært reisemål er Vøringsfossen øvst i Måbødalen.



Dei største båtane er rundt 300 meter lange og har oppimot 3500 passasjerar og 1000 tilsette.

Cruisehamna er ikkje tilrettelagd med landstraum i 2025, men Eidfjord kommune har gjort eit politisk vedtak om å iverksetta arbeidet med etablering landstraum, oppstart vinter 2025/26. Eidfjord kommune levere vatn til skipa og ein tek i mot avløpsvatn. Meir informasjon om hamna her: [Eidfjord cruise port - facts & facilities](#) (19)

Det er fleire stader langs sjølinja i Eidfjord sentrum som kan nyttast av båtar av ulik storleik, men utover fjorden er det meir avgrensa mogelegheiter å leggja til kai i beredskapssituasjonar. Det er ein kai i Simadalen som er kommunal. Ved dårleg vær har ein vald å køyra båt til Ulvik i staden for den nedlagde ferjekaien på Brimnes.

Turisme

Eidfjord er ein turistkommune. Cruisegjestar er nok dei som er mest synleg i kommunen, og det er stor skilnad på dagar med cruise-anløp og dagar utan.


Men Eidfjord er meir enn berre cruiseturisme. Det er også eit stort tal andre gjester i kommunen, som; gjennomgangstrafikk, bubil-turistar, mindre turistbåtar og besøkande på arrangement. Sommaren er den mest besøkte tida og juli er den travlaste månaden. Den organiserte delen av turisme er den mest føreseielege og kontrollerte, medan den uorganiserte turismen kan være utfordrande å ha oversikt og kontroll på.

I det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskaps, må kommunen og ta omsyn til alle som oppheld seg i kommunen til ein kvar tid.

Populære attraksjonar:

- Vøringsfossen, er ein av Norges mest besøkte og kjente fossar.
- Norsk Natursenter Hardanger, eit moderne natur- og kulturhistorisk opplevingssenter
- Hardangervidda Nasjonalpark

Kraftproduksjon og straumforsyning



KKL på omvising i kraftverket i Simadal oktober 2025.

Kraftverket i Simadal er det største i landet. Dette er bygd inne i fjellhallar og har ein årleg middelproduksjon på 2,8 Terra watt timar. Det tilsvarar 1,2 millionar husstandar sitt straumbehov. Anlegget opna i 1980 og det hentar vatn frå fire hovudmagasin som alle er regulerte. Totalt er det laga 30 km med tunellar til anlegget. Det er Statkraft som drifrar dette anlegget.

I Eidfjord blir det også produsert mindre mengder kraft på Storlia, Leiro, ved Garen, Tveitafoss, Erdal og Halne.

Straumtilførsel er ein svært samfunnskritisk viktig leveranse til alle innbyggjarane i Norge. Me er ofte dårleg forberedt på langvarig bortfall og det påverkar kommunane sin beredskap.

Det er Statnett som drifrar dei store, nasjonale overføringslinjene ut av Sima.

Normalt er Eidfjord forsynt via Sima, på 50 kV og har reserveforsyning frå Bu (Granvin). Det som sterkt redusera forsyningstryggleiken framover, er BKK sitt arbeid med ny leidning mellom Granvin og Bu. Arbeidet vil fort pågå i 1,5-2 år og i lange periodar er leidningen ikkje tilgjengeleg. I den perioden er leidning Sima-Eidfjord heilt avgjerande for straumforsyninga. Ras/feil på denne leidningen vil få store konsekvensar. Langvarig bortfall av straumforsyninga til områder i kommunen må påreknast (avhengig av årstida) om det oppstår andre hendingar i nettet. Indre Hardanger kraftlag (IHK) har ein del beredskapsmateriell på lager og har køyrt øving for å vera meir forberedt på ulike senario, men det vil ta tid å gjenoppsetta straumforsyning til alle kundane.

Eigenberedskap i Eidfjord

Kvart år, i veke 44, er eigenberedskap tema i heile landet. Det er direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) som er initiativtakar for dette.

Kommunen ser at eigenberedskap er viktig og at høg grad av eigenberedskap blant innbyggjarane gjer at kommunen kan fokusera på kritiske tenester, som er til nytte for alle og gje omsorg til eldre og sårbare. Eigenberedskap bør være eit tema heile året og framsnakkast i alle fora kor dette er naturleg.



I nasjonale undersøkingar ser ein at andel innbyggjarar som lagrar vatn har auka frå 27% i 2020 til 47% i 2025, og at det er ein aukande fokus på temaet i befolkninga.


3. Gjennomføra

Del 2 i ROS analysen skildrar korleis analysen blir gjennomført med utgangspunkt med rammene og føringane som er avklart i del 1. Involvering er eit viktig stikkord i denne delen.

Velje ut uønskete hendingar

Overordna ROS for Eidfjord kommune skal ha eit sterkt fokus på å kartlegge hendingar som har stor påverknad på kommunen si evne til å oppretthalda viktige tenester. Vidare skal analysen oppdaga eventuelle sårbarheiter som er spesielle for Eidfjord. Dette kan være lokale tilhøve som geografi, natur, vær, demografi, samferdsle, næringsliv med meir.

Trinn 1 i å velje hendingar var å sende ut invitasjon internt og til eksterne partar som er aktuelle. Invitasjonen vart sendt ut 12.mars. Mottakarar er 10 tilsette i Eidfjord kommune som har nøkkelroller innan beredskap. Den vart sendt til ei rekkje eksterne; politi, ambulanse, frivillige, kraftprodusentar/-leverandør, reiselivet, veg-eigarar, forsvaret, sivilforsvaret, nabokommunar med fleire. Mottakarar vart også oppmoda om å sende denne vidare til andre aktuelle i eigen organisasjon.



Prosjektgruppa ynskte å få inn eit breitt spekter av forslag til hendingar og la ikkje for sterke føringar i invitasjonen, men det vart presisert at ein ikkje var på jakt etter «kvardagshendingar».


Når frist for tilbagemelding gjekk ut 25.mars, hadde 14 personar/organisasjonar kome med til saman 65 forslag til hendingar.

Prosjektgruppa nytta sjekklister i rettleiarar, fylkesROS, AKS 2019 (Analyser av krisescenarior), interne HelseROS analyser, rapportar frå uvær og hendingar («Hans»- og Gjerdrum rapporten), ulike trusselvurderingar, for å finna aktuelle scenario og hendingar. Til slutt var lista på 107 hendingar inklusiv dei 65 forslaga nemnt over.

Rådata lista over aktuelle hendingar vart sortert:

1. Hendingar som liknar for mykje på «kvardagshendingar» vart luka ut.
2. Forslag som passa betre inn som nyttig informasjon i kunnskapsgrunnlaget i ROS rapporten, vart tatt ut av lista og lagra på eigen stad.
3. Hendingane me sto igjen med vart sortert i 4 kategoriar:
 - a. Tema/område/objekt
 - b. Hending/ulykke
 - c. Samfunnskritisk funksjon, kommunal teneste/plikt
 - d. Spesielle sårbarheiter.

Nokre av dei innkomne forslaga kan kategoriserast som farar og truslar. Desse vart plassert inn i b: Hending/ulykke, og dei vart nytta til å utforma scenario.



Prosjektgruppa laga eit system for å generera scenario – sjå bilete over.

Forslaga blei plassert i rett kategori som vist på figur. For å lage eit scenario, vel ein fyrst frå

kategori c, før ein set denne saman med a og b.
 Dersom det passar legg ein til ein av dei spesielle sårbarheitene frå kategori d.

Dette sikrar at scenario er oppbygd med utgangspunkt i ei kommunal plikt/-teneste eller ein annan samfunnskritisk funksjon. Ein får kvalitetssikra at dei mest vesentlege funksjonar/tenester/plikter er med i eit scenario.

Døme på korleis dette kan brukast i praksis:

C Kommunal teneste: Helse og omsorg tenester
 + B Hending: trafikkulykke
 + A Objekt: Måbødalen
 + D Sårbarheit: Lærdalstunellen skal være stengd i fleire år på nattetid
 = Scenario: Brann i trailer i tunell i Måbødalen som fører til langvarig stenging. Innbyggjarar og fastbuande på fjellet blir isolert og det skapar utfordringar for leveranse av kommunale tenester.

Dømet syner at følgehending av primærhending/ulykke er det som me ynskjer å fokusera på; kommunen si evne til å oppretthalda tenester.

Beskrive valde uønskete hendingar

Alle scenario har ei beskrivande overskrift. Skildringa av scenario går meir i djupna og forklarar korleis denne hendinga utartar seg lokalt i Eidfjord.

I vurderinga av sannsyn og konsekvens skal dagens etablerte tiltak/barrierar være med i vurderinga. Derfor har ein alltid brukt noko tid på å skildra desse før ein går vidare.

I analysemøta har ein brukt litt tid på å skildre scenario mest mogeleg realistisk og relevant for Eidfjord.

Klimaendringar: Det er viktig at vurderingar er mest mogeleg forankra i fakta og kvalifiserte vurderingar. Generelt er prognosar og konsekvensar av framtidige klimaendringar henta frå <https://klimaservicesenter.no/> (20) i analysearbeidet. I tillegg har ein brukt ein del etablerte, lokale rapportar der ein har dette.

Ei best mogeleg skildring av sårbarheit og risiko må være basert på kvalifiserte data samtidig som at dette blir tilpassa lokale tilhøve i Eidfjord.

Som sagt i kapittel om storpolitiske tryggleiksutfordringar, har ein ikkje scenario med i ROS analysen som direkte handlar om krigshandlingar i Eidfjord kommune. Prosjektgruppa er meir opptatt av å analysa konsekvensar av eventuelle krigshandlingar. Dømer på dette er stengde vegar, bortfall av straum/e-kom, masseskade, evakuering, bemanningsproblem med meir.

SANNSYNLEG AUKE	
 Kraftig nedbør	Det er venta at episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og frekvens. Dette fører til meir overvatn.
 Regnflaum	Flaum som kjem av regn vert hyppigare og større. I mindre bekker og elvar må ein vente ei auke i flaumvassføringa. Mindre elvar kan finne nye flaumveggar.
 Jord-, flaum og sørpeskred	Fleire jord- og flaumskred i samband med meir styrtregn, særleg seinsommar og haust. Fleire sørpeskred i høgareliggjande område.
 Stormflod	Som følge av havnivåauking er det venta auke i stormflodnivåa.

MOGLEG SANNSYNLEG AUKE	
 Tørke	Førekomen av tørke aukar over store område. Terrare forhold i bakken i sommarsesongen.
 Snøskred	Snøskred vert sjeldnare i låglandet. I høgareliggjande område ventar ein derimot fleire naturleg utløyste snøskred.
 Isgong	Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgongar, tidlegare vårigongar. Elver i låglandet kan verte isfrie.

SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflaum	Snøsmelteflaumane vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.

USIKKERT	
 Sterk vind	Truleg liten endring. Den mest ekstreme vinden er venta å auke litt, men endringa er liten i forhold til naturlege variasjonar.
 Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypene. Fleire steinsprang og steinskred i område med permafrost som tiner.
 Fjellskred	Auka nedbør og tining av permafrost kan påverke stabiliteten til ustabile fjellparti, men det er usikkert kor stor påverknaden vil vere.

I ein eventuell krig kor det blir krigshandlingar eller effektar av dette i Eidfjord, vil kommunen sitt hovudfokus være å oppretthalda kritiske tenester og plikter i samband med krisehandtering.

Dette er dei 15 scenario som er analysert:

1. Kraftig nedbør som medfører mykje overvatn, erosjon og skadar på kritisk infrastruktur.
2. Fjellpartiet Tussafoten rasar ut.
3. Flaum i hovudvassdraget.
4. Forureina og helseskadeleg drikkevatt som blir oppdaga av helse grunna mange sjukdomstilfelle.
5. Utbrot av noro virus under eit større arrangement i Eidfjord.
6. Viktige kommunale bygg som blir sett ut av drift over lengre tid. Døme er brann i bygdeheimen.
7. Ordinære forsyningslinjer brotne som gjer at forsyning av medisinar, mat og drivstoff stoppar opp fleire dagar.
8. Langvarig straumbortfall i regionen.
9. Bortfall av ekom i heile regionen i fleire dagar. Både internett og mobilnett.
10. Kontinuitetsutfordringar i kommunale tenester på grunn av at mange tilsette ikkje kjem seg på jobb. Skred om natta som stenger vegen mellom Eidfjord og Bu.
11. Brann i cruisebåt ved kai. Passasjerar og bemanning må evakuerast.
12. Delar av kommunen er isolert grunna langvarig stengd tunell i Måbødalen etter lastebilbrann.
13. Ulykke kor fleire innbyggjarar er involvert. Mange som har behov for psykososial krisehjelp samtidig som at fleire i psykososialt kriseteam er for tett på til å kunna yta hjelp.
14. Atomhending som medfører atomnedfall på Vestlandet.
15. Data-angrep mot Eidfjord kommune, utført av internasjonal hackergruppe.

Endeleg formulering og samansetjing av scenario, vart diskutert og justert i kommunalt beredskapsråd 30. april 2025.

Sidan helseberedskapsplanverk skal nytta overordna ROS som grunnlag, har ein tatt ein ekstra runde og vurdert om scenario-oppsett gjev eit godt nok grunnlag.

Alle scenario med unntak av nr. 1-3, er direkte eller indirekte utfordrande for helse og omsorgsavdelinga i kommunen. Desse analysane vil danne eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med helseberedskap i kommunen.

Ikkje vurdere scenario

Det vart vurdert å ha med eit scenario om **krigshandlingar**. Sjå meir om avklaringar knytt til dette i eige kapittel: *Storpolitiske tryggleiksfutfordringar* - side 8.


Vidare vart det også vurdert å ta med eit scenario; **masseskade**. Vurderingane her enda på at for kommunen sin del handlar det om å ha for lite folk og ressursar i forhold til dei oppgåvene som skal løysast. Dette er godt ivaretatt i scenario 10, 11 og 13. I tillegg er eit av tiltaka å gå meir i dybda på masseskade-tema i arbeidet med ny helseberedskapsplan. Ved masseskade situasjonar har spesialisthelsetenesta planar for å sikre nok legar og anna personell.

Det var også diskutert om ein skulle ta med eit eige scenario om **masseforflytting av menneske**. Dette vart lagt vekk som eit eige scenario, men er aktuelt i vidare arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Dette er interkommunale/internasjonale scenario som truleg vil bli styrt av etatar over kommunenivå. Kommunar blir ansvarlege for å ta i mot evakuerte og ta vare på desse.

Dersom ein i løpet av neste fire års periode får ny informasjon, føringar eller at situasjonen endrar seg, er det naturleg å analysere desse eller andre hendingar i revidert utgåve av overordna ROS analyse.

Analyseskjema

I rettleiaren til DSB finn ein sløyfemodellen (Bowtie). Denne er indirekte i analysearbeidet. Ved analyse av ei hending, tenkjer me på same måte som sløyfemodellen legg opp til. På venstre side av sløyfa finn ein ulike årsaker til at hendinga oppstår. Ein finn også eksisterande- og framlegg til nye tiltak eller barrierar som vil redusere sannsynet. På høgre sida finn ein konsekvensar og følgehendingar av hendinga. Her finn ein også eksisterande og nye framlegg til tiltak eller barrierar som vil redusere konsekvensar.



På dei neste sidene ser du eit tomt analyseskjema.

Analyseskjemaet kan nyttast til å strukturere og dokumentere vurderingane av kvar enkelt hending. Ein skal her beskrive kvar hending, vurdere sårbarheit, sannsyn, konsekvensar, uvisse, risiko og forslag til tiltak, og vurdere kor styrbare tiltaka er. Dei utfylte skjema vil saman med ei heilskapleg vurdering av hendingane utgjere ein samanstilt heilskapleg ROS (sjå pkt. 2.3). Vedlegg 2 viser eit døme på eit utfylt skjema. Analyseskjemaet er også å finne på www.dsb.no (21)

UØNSKT HENDING	NR.	NAMN
<u>Beskriving av hendinga:</u>		
<u>Medverkande faktorar:</u>		<u>Eksisterande tiltak og korleis dei fungerer:</u>

SÅRBARHEITSVURDERING
<u>Er det særtrekk ved kommunen som kan bidra til at den uønskta hendinga utviklar seg til det verre (naturforhold, korleis folkesetnaden er sett saman osv.)?</u>

Kan den uønskete hendinga medføre følgjehendingar og svikt i kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester?

Korleis vil langvarig(e) bortfall påverke andre kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester?

Korleis vil den uønskete hendinga påverke evna til styring og krisehandtering i kommunen?

Medfører hendinga behov for evakuering? Vil det vere behov for å varsle folkesetnaden omgåande?

Samla vurdering av sårbarheit:

SANNSYNSVURDERING	Særs låg	Låg	Middels	Høg	Særs høg	Grunngiving
<u>Sannsyn for hendinga:</u>	☐	☐	☐	☐	☐	
<u>Vurdering av overførbarheit:</u> Kan liknande hendingar skje andre stader i kommunen?						

KONSEKVENSVURDERING								
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	Konsekvenskategori						Grunngiving
		0	1	2	3	4	5	
Liv og helse	Dødsfall	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
	Skadar og sjukdom	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
Samfunnsstabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
	Forstyrningar i dagleglivet	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
Natur og miljø	Langtidsskadar – naturmiljø	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
	Langtidsskadar – kulturmiljø	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
Materielle verdiar	Direkte økonomiske tap	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
	Indirekte økonomiske tap	☐	☐	☐	☐	☐	☐	
<u>Samla vurdering av konsekvens</u> (særs låg til særs høg):								

UVISSE	Låg	Middels	Høg	Grunngiving
<u>Vurdering av uvisse:</u>	☐	☐	☐	

BESKRIVE RISIKO	Låg	Middels	Høg	Grunngiving
<u>Basert på vurderingane over</u> (låg til høg):	☐	☐	☐	
MOGLEGE TILTAK				
Sannsynsreducerande			Konsekvensreducerende	

STYRBARHEIT	Låg	Middels	Høg	Grunngiving
<u>Vurdering av styrbarheit:</u>	☐	☐	☐	

Som nevnt tidlegare er det gjennomført 17 analysেমøter, der til saman 34 ulike personar internt i kommunen eller frå eksterne organisasjonar har delteke.

Prosjektgruppa har invitert relevante personar inn og sendt forslag til delvis utfylt skjema ei veke før møtet. I møtet har ein diskutert alle boksane i analyseskjema. Etter møta har prosjektgruppa sendt ut forslag til ferdig utfylt analyseskjema til deltakarane for siste gjennomlesing.

I møta har det vore gode diskusjonar og det har kome fram gode idear til løysing. Det er nyttig å setje seg ned i lag og gå gjennom aktuelle scenario.

I analysেমøter har ein nytta DSB sine kategoriar og skildringar for sannsyn, konsekvens, uvisse og styrbarheit.

Tilgjengelegheit

Dette dokumentet: Eidfjord ROS 2025 er eit offentleg dokument. Dei 15 analyseskjema er unnateke offentlegheit som nemnd i avsnittet «Bakgrunn og omfang». Medlemmar i kommunal kriseleiing (KKL) har tilgang til desse.

Vidare er det viktig at nøkkelpersonar som ikkje er med i KKL, men som skal jobbe med ROS-analysar og beredskapsplanar på eige nivå, får tilgang til naudsynte analysar. Dette for å sikre godt grunnlag for arbeidet og for å skapa ein raud tråd mellom overordna arbeid og vidare til nivå 2 og 3. Eit av tiltaka i plan for oppfylgjing handlar om tilgjengelegging av informasjon til rett person.

Vurdere risiko og sårbarheit for kvar hending.

Dette er oppsummerte vurderingar av sannsyn, konsekvensar, uvisse, risiko og styrbarheit.

Hending	Sannsyn	Liv og helse	Samfunns-stabilitet	Natur og miljø	Materielle verdier	Uvisse	Risiko	Styrbarheit
1 Kraftig nedbør, overvatn og erosjon	4-høg	3	3	2	3	Låg	Høg	Høg
2 Fjellskred frå Tussafoten	2-låg	1	4	3	5	Låg	Låg	Høg
3 Flaum i hovudvassdraget	4-høg	1	3	1	3	Høg	Middels	Middels
4 Forureina drikkevatn	2-låg	5	4	0	0	Låg	Middels	Høg
5 Norovirusutbrot under større arrangement	5-særs høg	4	2	0	2	Låg	Middels	Høg
6 Kommunale bygg sett ut av drift	2-låg	2	4	0	1	Låg	Middels	Høg
7 Brotne forsyningslinjer	5-særs høg	3	4	0	3	Låg	Middels	Høg
8 Langvarig bortfall av straum	5-særs høg	3	5	0	2	Låg	Høg	Middels
9 Bortfall av Ekom	4-høg	3	4	0	3	Middels	Middels	Middels
10 Kontinuitetsutfordringar pga at tilsette ikkje kjem seg på jobb.	5-særs høg	3	1	0	1	Låg	Låg	Høg
11 Brann i cruiseskip	4-høg	5	3	0	2	Middels	Middels	Høg
12 Delar av kommunen isolert	5-særs høg	3	4	0	1	Låg	Middels	Høg
13 Ulykke kor fleire lokale personar er involvert.	4-høg	4	4	0	1	Middels	Høg	Høg
14 Atomhending	1-særs låg	3	5	5	5	Høg	Låg	Middels
15 Dataangrep mot Eidfjord kommune	2-låg	0	1	0	4	Låg	Låg	Høg

Samanstilt heilskapleg ROS

Tabellen fortel oss at dei 3 hendingane som skil seg ut med høgast vurdert samla risiko er:

- Kraftig nedbør, overvatn og erosjon.
- Langvarig bortfall av straum.
- Ulykke kor fleire lokale personar er involvert.

Kva må Eidfjord kommune mest truleg måtte handtera? Svaret finn ein ved å sjå hendingar med høgast vurdert sannsyn:

- Brotne forsyningslinjer.
- Langvarig bortfall av straum.
- Kontinuitetsutfordringar på grunn av at tilsette ikkje kjem seg på jobb.
- Delar av kommunen isolert.
- Noro virus utbrot under større arrangement.

Konsekvenskategorien «Samfunnstabilitet» inneheld konsekvenstypene; forstyrningar i dagleglivet og manglande dekning av grunnleggjande behov. Hendingar som scorar høgt på desse, er noko som mange innbyggjarar vil bli råka av, og mange vil merka på kroppen. Dette er ikkje her spelar også graden av eigenberedskap inn.

Når scenario scorar høgt på konsekvenstypen – Liv og helse, ser ein litt ekstra alvorleg på det. I kolonna «Liv og helse» i tabellen oppom, er det tydeleg kva scenario som har størst potensiale til å påverka liv og helse mest negativt:

1. Forureina drikkevatt
2. Brann i cruiseskip

På dei neste plassane finn ein:

3. Norovirus under arrangement.
4. Ulykke kor fleire lokale er involvert.

Normalisering

I tillegg til å vurdere korleis dei ulike hendingane påverkar Eidfjord kommune si evne til å oppretthalda viktige tenester, er det også interessant å vurdere utfordringar til oppretting av tenester som har vore nede og normalisering av situasjonen. Hendingar som vil være krevjande å handtera, men også ha ein lang og utfordrande normaliseringsfase er:

1. Fjellskred frå Tussafoten – Kor mange hus, gardsbruk og bruer er øydelagt og kva infrastruktur må byggast opp att? Arbeid for å skapa stabilitet i lokalsamfunnet kan gå over lang tid og dermed gjera arbeidet med normalisering, veldig krevjande.
2. Atomhending – Normalisering etter ei atomhending er svært avhengig av kva type hending det er og kor store delar av innbyggjarane og landområder som er råka. Helsen skadar kan krevje mykje av kommunar. I tillegg er det noko uvisse knytt til kor lenge kontaminert drikkevatt, landbruksareal og dyr, heng i. Ein ser for seg mykje arbeid og lang tid før ein kan friskmelde alt etter ei slik hending.

Andre hendingar som også kan krevja mykje av ein kommune i ein normaliseringsfase, er:

3. Kraftig nedbør, overvatt og erosjon. Dersom det er store erosjonsskadar (utvasking av massar) kan det ta tid å bygge opp at infrastruktur som vegar, vatn og avlaup og kommunale bygg. Dersom private bustader blir øydelagde skal midlertidig bustad bli dekkja av forsikringselskap, men det blir likevel ein lang normaliseringsfase.
4. Dataangrep mot Eidfjord kommune – Frå andre kommunar som til dømes Østre Toten (22) og Gran (23) kommune har ein sett at det går lang tid å komma tilbake til 100% normalsituasjon etter eit dataangrep. Det er mest intens i starten når ein veit lite om omfang og konsekvensar, men arbeidet med å komma tilbake til der ein var før angrepet kan fort ta eit heilt år.
5. Kommunale bygg sett ut av drift. Dersom til dømes bygdaheimen skulle bli totalskadd, kan det ta både to og tre år før den gamle er riven og nytt bygg står klart. Bebuarane og alle funksjonar som er knytt til dette bygget vil kommunen måtte ha ei midlertidig løysing for i lang tid. Det er ikkje sikkert at den midlertidige løysinga er optimal og den kan såleis føra til ein del ekstra arbeid for å løysa dette.

Ein kan ikkje førebu seg mot alt. Så langt har ROS analysen gitt svar på kva scenario som har høgast risiko og kva ein bør jobba vidare med i beredskapsarbeidet. Kommunen har større påverknad på scenario med høg styrbarheit. Styrbarheit er ikkje kopla direkte til

scenario, men til kommunen si mogelegheit til å sjølv å kunne utføra tiltak for å redusera risiko.

Det kan være interessant å sjå korleis dei 15 scenarioa i Eidfjord ROS som påverkar flest kritiske samfunnsfunksjonar. Samfunnsfunksjonane som er brukt i tabellen er henta frå ROS rettleiaren til DSB. Denne treff godt og er litt meir tilpassa kommunar enn Nato sine sju krav til medlemslanda. Samfunnsfunksjonane i tabellen bygger opp under målet om å ha eit godt fungerande sivil beredskap og motstandsdyktige kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur:

Kritiske samfunnsfunksjonar som blir påverka													
Uønskt hending:	Mat, varme og medisinar.	Evne til å ta i mot evakuerte	Forsyning av energi.	Forsyning av drivstoff	E-kom	Drikkevatt og avløpshandter	Framkomst og transport.	Oppfølging av sårbare	Nødv.helse og omsorgstenest	Sosialtenester	Naud- og redningstenes	Styringsevne og kriseleing.	Krisekommunikasjon
1 Kraftig nedbør, overvatn og erosjon		X	X			X	X						
2 Fjellskred frå Tussafoten		X	X			X	X	X			X		X
3 Flaum i hovudvassdraget						X	X						X
4 Forureina drikkevatt						X							X
5 Noro virusutbrot under større arrangement									X				
6 Kommunale bygg sett ut av drift								X	X				
7 Brotne forsyningslinjer	X			X			X		X		X		
8 Langvarig bortfall av straum	X	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X
9 Bortfall av E-kom				X	X	X		X	X	X	X	X	X
10 Kontinuitetsutfordringar pga at tilsette ikkje kjem seg på jobb						X		X	X		X		
11 Brann i cruiseskip		X							X		X		
12 Delar av kommunen isolert		X		X		X	X	X	X		X		
13 Ulykke kor fleire lokale personar er involvert.								X					
14 Atomhending	X					X		X			X		
15 Dataangrep mot Eidfjord kommune						X		X	X	X		X	X

Kor mange funksjonar dei ulike hendingane påverkar, fortel også noko om sårbarheit. Det kjem godt fram at straum, framkome/isolasjon og digitale hjelpemiddel i form av digitale system, internett og mobilnett er blant faktorane som påverkar flest samfunnsfunksjonar.

4. Følgja opp

Langsiktige mål og strategiar

Det langsiktige målet til Eidfjord kommune er ei setning som er brukt i samband med samfunnstryggleik og beredskap:

«Skape stabilitet og tryggleik, også i krise-situasjonar»

I arbeidet med ROS analysen kjem det tydeleg fram at samarbeid er viktig. Gode diskusjonar mellom personar frå ulike organisasjonar bidreg til gode løysingar og god handtering. Det å kjenne kvarandre og være gode beredskapsvenner er svært viktig for å løysa store utfordringar.

Vidare ynskjer Eidfjord kommune å ha ei kommunal kriseleiing som viser handlekraft og god handtering av kriser. Og at einingane har gode planar som set kommunen i stand til å oppretthalda viktige tenester og funksjonar også når dette er utfordrande.

Det er mykje godt arbeid som er gjort i kommunen generelt som styrkar samfunnstryggleiken og beredskap og ikkje minst under arbeidet med ROS analysen. Kommunen ynskjer å sikre at arbeidet er ein kontinuerleg prosess og ha gode system for dette.

Dei 3 delmåla eller strategiane for det vidare arbeidet er:

- **God kompetanse og handtering av kriser.**
- **Høg grad av samvirke med aktørar i og rundt Eidfjord.**
- **Kontinuerlege og systematiske forbetringar innan samfunnstryggleik**

Plan for oppfølging

Denne planen utgjer navet i arbeidet framover med samfunnstryggleik og beredskap. Den skal sikra at funn i ROS analysen blir omdanna til handling og forbetring.

Tiltaka i planen bygger opp under langsiktige mål og strategiar, og er plassert under det mest relevante delmålet.

Nokre av tiltak er henta frå «Mogelege tiltak» i analyseskjema, andre er notert i ulike møter og samanhengar i arbeidet med ROS analysen medan nokre er kome som strategiske vurderingar ved å sjå heilskapen i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Eidfjord kommune.

Ansvar er knytt til rolle og ikkje namn for å sikre at det vidare arbeidet ikkje er personavhengig.

	Delmål	Tiltak	Ansvarleg	Frist
Skape stabilitet og tryggleik, også i krise-situasjonar	God kompetanse og handtering av kriser.	Korte kvartalsvise KKL øvingar - laga årshjul. Gjerne basert på scenario i ROSen.	Rådmann	31.12.26
		Lage eit enkelt kart som viser kaiar i og utanfor Eidfjord.	Beredskaps-koordinator.	01.07.26
		Revidera overordna planverk utifrå informasjon i overordna	Beredskaps-koordinator	01.07.26

		ROS analyse. Inkludera langsiktige mål og strategiar.		
		Utføra ei kartlegging av styrkedisponert personell (HV, sivilforsvaret og brannvern) Skaffe eit cirka-tal.	HR- og org.leiar.	01.07.26
		Revidera EPS plan.	Beredskaps-koordinator	01.07.26
		Delta på DSB sitt digitale læringstreff om KKL og beredskapsplikt. (24)	Fleirtalet i KKL	20.03.26
		Bygga opp ein lagringsstruktur av planverk og ROS analysar på ulike nivå. Sikra rett tilgang til nøkkelpersonar.	Beredskaps-koordinator	31.12.26
		Lage eit kart som viser samanheng og oppbygging av ROS analysar og beredskapsplanar. Integrera dette i overordna beredskapsplan.	Beredskaps-koordinator	01.07.26
		Lag ein ny plan for krisekommunikasjon, inklusiv strategi. Forskrift om kommunalberedskaps-plikt § 4 pkt e. (25)	Heimeside-redaksjonen	01.07.26
	Høg grad av samvirke med aktørar i og rundt Eidfjord.	Delta på samvirkeøving i samband med Totalforsvarsåret 2026	Beredskaps-koordinator.	01.07.26
		Kommunen gjev beskjed til lokale samvirkeaktørar at ein ynskjer samarbeid og å bli invitert til øvingar.	Rådmann	31.12.26
		Invitera aktørar og tilby støtte og koordinering i arbeidet med aktørplanar for fjellskred Tussafoten.	Beredskaps-koordinator/R ådgjevar arealplan	31.12.26 (påbegynt)
		Gjennomføra 1 møte årleg i beredskapsrådet.	Rådmannen	01.07.26
	Kontinuerlege og systematiske forbetringar innan samfunnstryggleik	Lage årsplan for eigenberedskaps tema. Vurdere faste besøk til 10.klasse.	Beredskaps-koordinator	01.10.26
		Utføra ei kartlegging av overvatn-kapasitetar på eksisterande kummer og skissera mogelege tiltak på Hereidsflaten oppom Langedalen.	Kommunal-sjef Drift og forvaltning	Innspel i budsjett for 2027

	Gjennomføra møte med planavdeling kor ein legg ein plan for å integrera funn i ROS analyse i planar.	Rådgjevar arealplan	15.10.26
	Gjennomføra møte med helse og omsorgsavdeling kor ein legg plan for revisjon av helseberedskapsplan	Kommunalsje f Helse og omsorg	01.03.26
	Masseskade situasjonar blir ein del av helseberedskapsplan	Kommune-overlege	31.12.26
	Gjennomføra områdekartlegging av leire.	Rådmann	31.12.26
	Risikovurdera infrastruktur for drikkevatn og vurdere punktsikring og adgangskontroll på kritiske punkt.	Saksbehandl ar VA	01.06.26
	Vurdere formalisering av samarbeid på tvers av kommunar vedr. psykososialt kriseteam	Kommune-overlege	31.12.26
	Einingane utfører ROS med fokus på å oppretthalda drift. Inkludera behov for institusjonell eigenberedskap. Nytt felles mal for dette.	Kommunal-sjefar.	01.10.26
	Årleg revisjon av overordna planverk og ROS analyse.	Beredskaps-koordinator	31.12.26 (fyrste)
	Gjennomføre statusmøte mellom beredskaps-koordinator og rådmann 3.kvar månad.	Rådmann	Løpande

Korleis skal kommunen syte for at plan for oppfylging blir gjennomført?

Det er viktig at ROS analysen fører til handling og forbetringar. No er sårbarheiter og risikoar avdekkja og det neste blir å nytta denne kunnskapen. Når alle tiltaka i handlingsplanen er gjennomført, skal det være tryggare å opphalda seg i kommunen i tillegg til at hendingar vil bli handtert på ein god måte.

Det vidare arbeidet vil bli fulgt opp på denne måten:

- Rådmann og beredskapskoordinator går igjennom status for tiltaka 3.kvar månad i sine statusmøter.
- Status for tiltaka blir fast post i beredskapsråd til alle er gjennomført.
- Ved større endringar og behov, vil arbeidet med handlingsplan, samfunnstryggleik og beredskap orienterast om i kommunestyret.

Eidfjord ROS 2025 er ei politisk sak i kommunestyremøte desember 2025. Dette blir å sjå på som versjon 1. ROS analysen skal reviderast årleg eller oftare om det er behov. Fyrste revisjon vil resultera i versjon 2 og treng ikkje handsamast politisk.

Det som kan utløysa hyppigare revisjon er til dømes:

- Nye rapportar, ny kunnskap eller nye vurderingar.
- I etterkant av møter i beredskapsråd.
- Etter hendingar i eller utanfor Eidfjord, kor ein tenkjer at dette bør være med i ROS.
- Behov for koordinering med andre planar. Til dømes kommuneplan, planROS, helseberedskap, interkommunale planar.

Det er beredskapskoordinator som er revisjonsansvarleg og rådmann som godkjenner ny versjon. Ny versjon treng ikkje politisk vedtak, men ein kan vurderer å orientera.

Overordna ROS analyse og kopling til helseberedskapsarbeidet.

Denne ROS analysen skal danne grunnlag for revisjon av helseberedskapsplan. For å sikre dette, skal kommuneoverlege, kommunalsjef helse og omsorg, beredskapskoordinator med fleire gjennomføre eit arbeidsmøte. Tema her blir korleis ein nyttar funn i overordna ROS som eit grunnlag for helseberedskapsplan.

Beredskapsplanlegging og overordna beredskapsplan

Overordna ROS analyse skal ligga til grunn for vidare arbeid. Ikkje berre på overordna, strategisk nivå, men også på nivå 2 som til dømes helseberedskapsplan, EPS-plan, plan for krisekommunikasjon, objektplanar og på nivå 3 ute på einingane. Slik vil det bli ein raud tråd i arbeidet.

Kunnskapsgrunnlaget som ROS analysen gjev, vil være nyttig for alle nivå i, og utanfor, kommunen.

Det er totalen som bidreg til robustheit og god krisehandtering i kommunen.

Denne figuren er henta frå DSB sin rettleiar til heilskapleg ROS:



FIGUR 12. Frå heilskapleg ROS til overordna beredskapsplan.

Beredskapsplanlegging handlar om å vurderer forskjellige område og kartlegga svakheiter med tanke på kommunen si evne til krisehandtering og til å handtere hendingar. Døme på dette er om ein har tilgang til dei ressursane som trengs for handtering, om ein har naudsynte planar/prosedyrar, eigenberedskapsgrad hjå innbyggjarane og kva samspel ein kan forvente mellom etatar.

Støtte til kommunale einingar i beredskapsarbeid, eigenberedskaps-graden blant innbyggjarar og hyttefolk, samt tett samarbeid med samvirkeaktørar blir trekt fram i ROS arbeidet som viktige faktorar for å skapa eit robust lokalsamfunn.

For sist-nemnde er beredskapsrådet ein flott arena.

Samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova

Plan og bygningsloven (26) Kommunen sin overordna ROS analyse vurderer dei overordna punkta i tematikkar som skal takast vidare i planarbeidet. Overordna bør ikkje arealdelen leggja byggeområde i faresoner, og deler av aktsemdsonene. I planarbeidet bør ein utreia dei konkrete tematikkane som ROS-en gjer dersom det er relevant. Dette for å sikra at området ikkje er råka av utfordringa, eller at arbeidet skildrar ei løysing på utfordringa for området. Til dømes vil flaum vera eit utfordrande punkt i høve utbygging langs vassdrag, og dermed er dette ein tematikk som må utgreiast i arbeidet for å sikra trygg utbygging. Overordna ROS vil og gje informasjon om kva risikoar (dambrot, kraftverk..) ein har i kommunen, og korleis ein bør forholda seg til dette. Tema frå overordna ROS blir eit grunnlag i plan-ROSen.

- ROS-en peiker på utfordringar som bør leggst til grunn ved utforming av byggeområder i overordna kommuneplanarbeid
- ROS-en peiker på hovudutfordringar som bør omtalast i planen sin ROS-analyse
- ROS-en bør syna til tiltak som bør igangsetjast i områder, eller generelle løysingar for auka tryggleik for eksisterande bebyggelse. Dette skal innarbeidast i plan.

Eidfjord kommune vil sikra at overordna ROS analyse blir nytta i planarbeid og at ein dermed sikrar god kopling mellom desse områda. Planavdeling har behov for overordna ROS analyse si vurdering av faremoment i kommunen, kommuneskildring og vurdering av hendingar og skissering av scenario. Faremomenta skal vurderast i arbeidet og kommuneskildringa gir grunnleggjande informasjon om f.eks geografiske tilhøve i kommunen. Ved utbygging vil bygg ha ulike tryggleiksklassar, ut i frå dette vil ein ved ein utbygging vurderer kva infrastruktur og bygg som kan lokaliserast i aktsemd og faresoner, og kva som må lokaliserast med god avstand. Ei skildring av scenarioer kan bidra i slike vurderingar i høve kor grensa går gjennom ei heilheitleg vurdering av risikofaktorar og sårbarheiter.

Oppsummert

Eidfjord ROS 2025 gjer ein samla oversikt og vurdering av risiko og sårbarheit som må fylgjast opp med konkrete tiltak over tid. Rapporten gjer eit godt utgangspunkt for ivareta beredskapen i kommunen, samarbeid med ulike aktørar og den samla handteringa av hendingar. Kommunal kriseleiing, psykososial kriseteam, nabokommunar og alle eksterne aktørar skal ta arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vidare i lag.

Me vil takke alle aktørar for godt samarbeid i høve utarbeiding av Eidfjord ROS 2025.

Revisjon

Eidfjord ROS 2025	1 versjon	Ansvarlig: Åshild Djønne Eriksen og Rune G. Slettemark	09.12.2025 Sak 25/2254
KST - 25/121 vedtak Eidfjord kommunestyre vedtek Eidfjord Ros 2025. Alle endringar skal leggjast fram for formannskapet som referatsak. Større revideringar skal leggjast fram for formannskap og kommunestyre. Rådmann og ordførar avgjer i felleskap når dette er naudsynt			

URL oversikt

URL	Side	Nettadresse
(1)	2	https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-05-19-16/KAPITTEL_3#%C2%A724
(2)	2	https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-06-23-56?q=helseberedskap
(3)	2	https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-07-23-881?q=helse%20og%20sosial
(4)	7	https://www.regjeringen.no/contentassets/c24e6978185f4a49a7d2689a4741a9b1/no/pdfs/stm202420250009000dddpdfs.pdf
(5)	7	https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/rettleiar_til_heilskapeleg_risiko_og_sarbarheitsanalyse_i_kommunen.pdf
(6)	8	https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/rettleiar_til_heilskapeleg_risiko_og_sarbarheitsanalyse_i_kommunen.pdf
(7)	9	https://www.ssb.no/kommunefakta/eidfjord
(8)	10	https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/vestland
(9)	12	https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/havnivastigning-og-hoye-vannstander.pdf
(10)	12	https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2024/april-2024/sea-level-rise-and-extremes-in-norway/
(11)	12	https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart?zoom=18&center=64518,6729784&locationId=509212&year=2100&layer=stormflo200ar_klimaar2100
(12)	12	https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vannets-kretsloep/bre/joekullaup-glof/
(13)	13	https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/flom-og-skredfare-i-din-kommune/faresonekart-kommuner/vestland/eidfjord-kommune/kvikkleirerapporter-for-eidfjord-kommune/
(14)	13	https://www.nve.no/naturfare/laer-om-naturfare/om-skred/kva-er-kvikkleire-og-kvikkleireskred/
(15)	13	https://www.nve.no/naturfare/overvaking-og-varsling/fjellskredovervaaking/kontinuerlig-overvaakede-fjellpartier/tussafoten/
(16)	14	https://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/
(17)	16	https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-14-20/KAPITTEL_3#%C2%A712
(18)	16	https://www.sivilforsvaret.no/siteassets/dokumenter/buk_av_tjenestepliktige_i_sivilforsvaret_i_fredstid.pdf
(20)	20	https://klimaservicesenter.no/
(21)	22	https://www.dsb.no/
(22)	26	https://www.nrk.no/innlandet/kan-ta-et-halvt-ar-for-ostre-toten-a-rette-opp-dataangrep-1.15364106
(23)	26	https://www.nrk.no/innlandet/gran-kommune-utsatt-for-dataangrep-1.17174596
(24)	29	https://www.dsb.no/kurs-og-konferanser/digitalt-laringstreff-om-kommunal-beredskapsplikt-og-kriseledelse/
(25)	29	https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-08-22-894/%C2%A74#%C2%A74
(26)	31	https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71

Foto forside: Bergljot Maria Veivåg Hauso